

Konsertprogram vekte minne.**24.10.2016**

Konserten/salmekvelden med Bjarte Lending og Lina Håland søndag var ei flott oppleving. For redaksjonssekretæren vekte det også eit spesielt minne. I 1969 deltok Uskedal skulemusikk på si aller første musikkstemne på Valen. Det var før korpset hadde fått seg uniformer, men kvite skjorter og svarte bukser og skjørt fungerte godt. Korpset hadde to salmar som særnummer. Det var Det gamle ærverdige kors og O,store Gud med notar på solid kartong. Begge desse hadde Lina og Bjarte på programmet i Uskedal kyrkje søndag kveld.

tid